



EID KOMMUNE

RÅDMANNEN

Helse- og omsorgsdepartementet
pb 8011 Dep

0030 OSLO

Vår ref.
13/660-3/K2-F51//KKR

Dykkar ref.

Dato:
17.06.2013

ENDRINGAR I PASIENT- OG BRUKARRETTIGHEITSLOVA, RETT TIL BRUKERSTYRT PERSONLIG ASSISTANSE BPA. FRÅSEGN FRÅ EID KOMMUNE.

Departementet foreslår endring i pasient og brukarrettigheitslova når det gjeld tenesta brukarstyrt personleg assistent. Endringa innebær ein rett til å kunne få praktisk bistand og opplæring etter helse – og omsorgstenestelova § 3.2. andre ledd, pkt.6 bokstav b, organisert som brukarstyrt personleg assistent.

Bestemmelsen vert foreslegen plassert som ny § 2-1 d, i pasient- og brukarrettigheitslova.

Høyrings svar:

Praktisk hjelp.

Det er behov for ei presisering når det gjeld kva som ligg i begrepet helseteneste organisert som praktisk bistand, opplæring, og i begrepet «stort behov» i høve praktisk bistand.

Pkt 6.4 i høyringsnotatet seier at for å sikre ei ordning som er kostnadsnøytral i heile kommunenoreg, må ein rettigheitsbestemmelse avgrensast til tenesta »praktisk bistand og opplæring». Helsetenestene må haldast utanfor.

Det er behov for ei avgrensing av BPA til å gjelde praktisk hjelp - og ei nærare definering av kva som er praktisk bistand.

Økonomi:

Kommunane er opptekne av at det kjem tydeleg frem i lovteksten at BPA-organisering ikkje er ein rett dersom ordninga fører til vesentleg auka kostnad for kommunen.

Tildeling av timar til BPA:

Innføring av ein rettighetsbestemmelse i pasient og brukarrettighetslova vil ikkje gjere det lettare for kommunane å avgrense tal tildelte timar til brukarstyrt personleg assistanse dersom rettigheita fyrst trer i kraft ved 25 timar praktisk bistand, og den personlege hjelpa vert held utanfor.

Postadr.:
Rådhusvegen 11
6770 Nordfjordeid
Kontoradresse:
Rådhusvegen 11
org.nr: 938521816

Telefon:
57 88 58 00

Telefaks:
57 88 58 01

Bankgiro:
3790.07.00130
5398.05.01120

E post:
post@eid.kommune.no
Heimeside:
<http://www.eid.kommune.no>

Undersøkingar syner ein svakheit med ordninga BPA i forhold til at brukarar som har organisert tenestene sine som BPA får tildelt fleire timar teneste enn dei med ei «tradisjonell» organisering. Lovforslaget si utforming vil framleis påverke «sjenerøsiteten» i ordninga.

Organisering:

Kommunane meiner det er naudsynt med ei presisering av kva det inneber at tenestene støttekontakt og avlastningstiltak fell utanfor rettighetsbestemmelsen.

Tilsette:

Omgjering av eksisterande tenestetilbod til BPA vil påføre kommunane ekstra utgifter til lønsmidlar, 4 månader er ikkje tilstrekkeleg tid til å omplassere eksisterande arbeidskraft i organisasjonen.

Administrasjon:

Fleire brukarar med tenestene organisert som BPA vil påføre ekstra administrasjonskostnader for kommunane.

Sjølv om brukarane sjølv er arbeidsleiarar, har erfaringar vist at kommunane tek eit stort ansvar og brukar mykje ekstra tid som igjen genererer kostnader i høve ordninga.

Opplæring, rettleiing og oppfølging for å hjelpe arbeidsleiarane til dømes med turnusarbeid, innleige av vikarar, personaloppfølging, kvalitetsarbeid, arbeidsmiljø-arbeidstidsoppfølging m.m..

Avgrensingar:

Følgjande presiseringar, som er med i høringsnotatet og lovframlegget, er viktig å ta med: :

* rettighetsfesting av BPA for dei med varig behov (over 2 år)

* Avgrensing til aldersgruppa under 67 år.

* Avgrensing til dei med stort behov, dvs. timeomfang over 32 t/v, evt. over 25 t. Det ville vert administrativt enklast og klarare både for kommunen og for brukarar om lovforslaget landa på eit av innslagspunkta, til dømes 32 t/v.

Fylkesmannen:

Lovteksten inneheld ei ordning der Fylkesmannen skal overprøve avslag for dei med timetal mellom 25 -32 t/v med grunngjeving i vesentlig auka kostnader for kommunen.

Det er naudsynt med ei presisering i kva som vert rekna som vesentleg kostnad.

Nokre generelle kommentarar frå kommunen i høve BPA ordninga:

- Det vert auka utgifter for kommunen når brukaren velgjer ekstern arbeidsgjevar (til dømes Uloba).
- Kommunane har ikkje god nok oversikt over korleis arbeidstids –og miljøreglar vert følgt opp etter Arbeidsmiljølova og gjeldande tariffavtalar, når brukar vel ekstern arbeidsgjevar.
- Når kommunen er arbeidsgjevar, vert det stadig utfordringar/ problem knytt til føreseieleg arbeidstid og arbeidstid i medhald av arbeidsmiljølova m.m., fordi både dei tilsette og brukaren sine ønskjer/behov skal ivaretakast samstundes.
- Mange av brukarane har store utfordringar/problem med å vere arbeidsleiar. Det er ofte urealistiske forventninga til kva brukar maktar og har ressursar til å ta på seg og organisere (frå brukar sjølv, pårørande, hjelpeapparatet og brukarorganisasjonar).

